

Gitar og bass:

Overordna mål:

- Oppnå gode ferdigheiter på instrumentet sitt, på alle nivåer og ut fra ambisjonsnivå
- Oppleve mestringsglede og positiv sjølutvikling
- Utvikle seg til sjølstendige utøvere som har glede av musikk livet gjennom
- Bli aktive lyttere med eit nært forhold til musikk
- Utvikle evnen til samspel og samarbeid
- Få moglegheiter til fordjupning som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning i musikk
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

Forventningar til eleven og heimen:

- Eleven må møte forberedt, og ha øvd godt på det som er gjennomgått på forrige timen.
- Foreldrene må hjelpe eleven så han får øvd
- At du møter opp kvar veke, eller gjev beskjed så tidleg som mogleg til læraren din dersom du ikkje kan møte. Elevar som ikkje melder frå til læraren sin om at dei er borte tre gonger i eit semester, mister plassen sin på tilbodet. Eleven mæ likevel betale elevavgift ut skuleåret. Elevar som er borte to gonger utan å gje beskjed, vil få skriftleg åtvaring frå rektor om at han står i fare for å misse plassen sin.
- At du set av tid til å vere med på konsertar, framsyningar, utstillingar og prosjekter utanom den ordinære undervisninga.

Forventningar til læraren:

Læraren skal finne oppgaver til eleven som gjev framgang, og får eleven lyst til å øve.

LOKAL LÆREPLAN FOR GITAR OG BASS

	INNHALD	LÆRINGSMÅL	LÆRINGSFORM
Fase 1	Bli en kulturskuleelev Utvikle spilleglede og interesse for musikk Lære om musikk og teori Bli kjend med instrumentet og grunnleggande teknikk.	<ul style="list-style-type: none">- Forstå korleis kulturskuletimar skal fungere- Korleis behandle ein gitar- Finne ut korleis heimeøving best kan gjennomførast.- Kunne namnet på delane til instrumentet- Kunne å reive saman ein kabel- Være bevisst kva som skal til for å få god lyd.- Kunne lære melodiar/ riff etter gehør, tabulatur eller noter.- Lære 3 grep- Finne tonar på instrumentet ved å bruke øyrene- Stemme med og utan stemmemaskin- Tørre å improvisere	Samarbeid mellom elev og lærar Samarbeid i gruppe Selvstendig øving og refleksjon Vise frem det du har lært
Fase 2	Meir om instrumentet, teknikk og teori Gehør trening Komposisjon	<ul style="list-style-type: none">- Spele etter besifring på sjølvvalgt sang- Oversikt over tonenavn på instrumentet- Forstå forholdet mellom noteverdiar- Lære teknikkar som hammer on, pull off, bend, dynamikk og vibrato.- Spele både med plekter og fingerspel- Kunne dur, moll og pentaton skala.- Spele 3 klangar- Lage ein melodi- Kunne improvisere til blues	Samarbeid mellom elev og lærar Samarbeid i gruppe Selvstendig øving og refleksjon Finne materiell på internett Utforske fleire sjangere Konsert

		<ul style="list-style-type: none"> - Kunne lære melodiar/ riff etter gehør, tabulatur og noter. - Korleis skifte strenger på ein gitar 	
Fase 3	<p>Meir om instrumentet, teknikk , teori og gehør.</p> <p>Sjølvstyring</p> <p>Repertoarbygging</p> <p>Musikkteknologi</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kunne lese og bruke barre-grep - Kunne spele enkle melodiar prima vista - Lære kvintsirkelen - Lære namn på og kjenne att intervall - Bygge eit repertoar på minst tre songar, der eit skal være ein standard jazz låt eller eit klassisk gitarstykke. - Skrive noter og besifring på eigenkomponert melodi. - Planlegge og gjennomføre eit prosjekt - Kunne koble opp eit lydanlegg. - Kunne gjere opptak og redigere musikk 	<p>Samarbeid mellom elev og lærar</p> <p>Samarbeid i gruppe</p> <p>Selvstendig øving og refleksjon</p> <p>Finne materiell på internett</p> <p>Utforske fleire sjangere</p> <p>Eleven skal i større grad innstudere materialet heime.</p> <p>Konsert</p>
Fase 4	Spesialisering	<p>1: Fokus på jazzens harmonier og improvisasjon</p> <p>2: Fokus på klassisk gitar</p> <p>3: Fokus på Rock og metall</p>	Ein elev i fase fire vil i stor grad kunne arbeide sjølvstendig, men ofte med behov for støtte og å bli utfordra på dei rette tinga.
Fordjuping	Nord- og Midtgudbrandsdalen tilbyr fordjupning via talentprogrammet i samarbeid med Vinstra vidaregåande skule.		